




# Landbruksplan for Fyresdal

2004 - 08

Vedteken 23.09.04



## **forord**

Gjennom satsinga "Landbruks Pluss" har regjeringa lagt grunnlaget for auka ansvar til kommunane innan landbruksforvaltninga. Landbruksreforma som trådte i kraft 01.01.2004 gjev kommunane ein større del av ansvaret innanfor juridiske og økonomiske verkemiddel: Vedtaksmynne innan jord-, skog og konsesjonslovgjeving, forvaltningsansvar for kulturlandskapstiltak, tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket m.m. Kommunane vert med dette i større grad ein "landbrukspolitisk aktør", der dei skal vere med på å utforme ein lokalt tilpassa politikk for næringsutvikling og busetjing.


Planen er i fyrste rekke meint som eit verktøy til bruk i nærings- og forvaltningsarbeid. I tillegg kan planen vere retningsgjevande for handsaming av enkeltsaker og eit viktig grunnlag i arealplanlegginga.

Planen gjev signal om kva retning kommunen ynskjer å satse i tida som kjem og legg rammer for prioritering av verkemiddel. Gjennom landbruksplan vil ein dessutan freiste å setje landbruket si rolle som ressursforvaltar og verdiskapar inn i eit heilskapleg, samfunnsmessig perspektiv.

Fyresdal Kommune er kjent for sine utradisjonelle løysingar gjennom satsing på næringsutvikling og busetjing. Kommunen ynskjer gjennom landbruksplan å føre vidare dei positive trekka vi har opplevd dei siste åra, samstundes som ein førebur seg på nye utfordringar og satsingar!



**Saamund Gjersund**  
Ordførar



# **innhald**

Innleiing side 7


Status innan landbruksnäringa side 9

**Visjon og overordna mål** side 11

1. Halde oppe eller auke produksjonen og verdiskapinga i landbruket side 12
2. Ta vare på naturressursane og kvalitetane i kulturlandskap og grender side 15
3. Utvikle nye/ alternative landbrukstilknytta näringar side 17

Oppfølging og bruk av planen side 19


SWOT-analyse, delområde med kart side 20



# innleiing

Planarbeidet vart sett i gang etter vedtak i planutvalet 29.01.04. Arbeidsgruppa som står bak planutkastet har hatt fylgjande samansetjing:

- \* Saamund Gjersund (planutvalet)
- \* Olav Gisle Noraberg (planutvalet)
- \* Kjell Sverre Thoresen (LT-utvalet)
- \* Eivind Spockeli (LT-utvalet)
- \* Leiv Gjesdal (Fyresdal bondelag)
- \* Aslak Momrak (Fyresdal skogeigarlag)
- \* Olav A. Veum (Næringssjef)
- \* Ragnhild Berge (Reiselivslaget)
- \* Gunhild Slyngstad (prosjektleiar)




I Kommuneplanen til Fyresdal (2000 – 2011) er det sagt at Fyresdal kommune i sine tiltak og planar skal ta omsyn til den grunnleggjande stillinga som jordbruk, skogbruk og utmarksnæring har for sysselsetjing og busetjing.

Status på landbruksnæringa i dag gjev bilete av eit landbruk i endring: Samstundes som ein del bruk vert lagt ned, aukar driftseiningane og produksjonen på andre. Alt i alt vil ein meine at Fyresdal per i dag har eit dyretal og ei landbruksdrift som er stor nok til å halde produksjonareala i hevd. Likevel ligg det store utfordringar i å oppretthalde og auke drifta og lønsemda innan landbruket i tida som kjem. Nytenking og samarbeid knytt til nye driftsformer kan verte avgjerande for å oppretthalde dyretalet og dermed grunnlaget for førproduksjon og beiting. Dette vil ein vere avhengig av for å halde oppe eit levande kulturlandskap i kommunen, noko som igjen vil vere viktig for utvikling av nye næringar.



I tillegg til det meir tradisjonelle landbruket, har ein i Fyresdal hatt ei positiv utvikling og ei auka verdiskaping knytt til lokal foredling/ nisjeprega produksjon og småskala turisme; Sagbruk som utviklar spesialprodukt, utmarksnæring (jakt/fiske), gardsturisme, hjorteoppdrett, fiskeforedling, birøkt, m.m. er alt etablert. Dette syner at det ligg eit stort potensiale i ulike typer landbrukstilknytta næringar og at det er fleire måtar å omstille seg på mot nyare tider. EU-prosjektet (BESST) som er knytt til utvikling av småskala turisme gjennom kopling av økonomisk aktivitet, er eit av fleire viktige satsingar som Fyresdal jobbar med i den samanheng.

Planperspektivet er sett til 4 år, til 2008. Planen vil med dette vere knytt til valperiodane og det vil vere naturleg å ta ein ny revisjon av planen i 2007/2008. Næringsorganisasjonar, grendelag og storvald har vore tilskrivne med høve til å kome med innspel. I tillegg har arbeidet vore annonser i kommunen si informasjonsavis. Medverknad/ innspel underveis i planprosessen har i hovudsak skjedd muntleg og har vore trekt inn i drøftingane i arbeidsgruppa.



# status innan landbruksnäringa i fyresdal

TYPE PRODUKSJON	OMFANG/ SYSELSETJING	STODA I DAG	FRAMTIDA/ MOGLEGE TILTAK
Skogbruk	Relativt stort når ein tek med sagbruka, sal av ved, skogsleiren o.l. Ressursen utgjer store delar av areala i kommunen.	Tømmerpris låg men stigande. Positiv utvikling i høve til foredling lokalt. Press på å finne alternativ bruk.	Satse vidare på foredling lokalt, nytenking. Verdikjede-tanke NB Biobrenselanlegg under planlegging. Stort potensiale
Svinekjøt	Ein produsent	Usikkert	Potensiale dersom det vert slakteri
Mjølkeproduksjon	Etter tilhøva stor, og stabil sysselsetjing	Aukande besetningar.	Moglegheiter ved nytenking knytt til lokal foredling. Beiting - viktig for kulturlandskapet.
Ammekyr/ storfe	3 reine ammekyrprodusentar + viktig tilleggsnäring for mjøkeprodusentar	Produksjonen kan aukast. Underdekning på landsbasis.	Viktig produksjon for å halde oppe kulturlandskapet, stimulere til beiting/-avtaler. Potensiale innan lokal foredling (BESST)
Veksthus	Ei etablering, arbeidsintensivt.	Produsenten dekkjer lokal marknad	Liten marknad for fleire heiltidsbruk, - ikke satsingsområde. Nisjeproduksjon kan vere aktuelt?
Fjørfe/ egg	Vanleg som hobby, men ingen eigne verksemder	Potensiale i ledige driftsbygningar	Aukande forbruk av fjørfekjøt, Ikke satsingsområde for Fyresdal. Egg – lokal marknad
Gardspensjonat, Gardsturisme Hus- utleigehytter	2-3 årsverk? Enkelte godt etablerte verksemder, t.d. Kvipt og Fossum. Ein del enkeltvis utleige av hytter og hus knytt til jakt og friluftsliv, med mindre sysselsetjingseffekt.	Potensiale for dei som har rette personlege ressursane.	Satsingsområde, BESST - prosjekt. Få, men spesielt interesserte bør satsast på. Organisering og profesjonalisering NB Sauesanking/ opplevelingsturisme
Jakt-/ fiskeutleige	I hovudsak tilleggsnäring. Lite, men aukande sysselsetjing.	Aukande interesse, enkelte satsar aktivt. Stort potensiale. Fiskekortordning i drift. Aukane fiskebestandar i heivatna.	Profesjonalisere aktørane. Satsingsområde – BESST, stimulere til utleige av hytter og hus. Utvikle nye turistprodukt. Samarbeid og marknadsføring viktig. Jakt- og fiskeguide.
Næringsfiske	2 årsverk	Ei etablert verksemd	Marknadsføring NB, Satsingsområde, tema i BESST – prosjektet
Sau	Viktigaste husdynamæringa når det gjeld bruk av areal og sysselsetjing	Mindre bruk legg ned, satsing mot større besetningar/ fellesfjos.	"Beitepool" – viktig med beiting – kulturlandskap – turisme. Potensiale i lokal foredling. OBS: Konfliktar sau – jakt – hytter. Definere viktige beiteområde.
Foldsæ: Faun og Steinerskulen	Kompetansesenter landbruk, vilt, fisk, natur/ miljø, aktiv drift økologisk/ biodynamisk landbruk	Positiv utvikling	Viktig for framtidig satsing innan landbruks- og utmarksnäring, kompetanseheving/fagleg utvikling/nytenking
Håsum-prosjektet	Tilrettelegging og sal av småbruk	Mindre pågang enn håpa, men stadig etterspurnad og interesse. 6 selte parsellar.	Mogleg gjennomgang av status på prosjektet med tanke på forbetringar i konseptet og tomtene.
Viltsafari	Ingen	Faun tenker på å utvikle aktiviteten	Aktuelt tema i BESST-prosjektet?
Hest	Mange hestebruk i bygda, men lite sysselsetjing, mest hobby	Enkelte har planar om å utvikle näringa, t.d. grøn omsorg, rideturar	Stort potensiale, men treng personar som dreg det i gang. Aktuelt tema i BESST-prosjektet?
Hjorteoppdrett	Ei verksemd		Moglegheiter ved lokal foredling
Pelsdyr	Ingen		Potensiale i eksisterande pelsdyrbygningar
Jordbær	Ein produsent	Dekker i hovudsak lokal marknad.	Viktig kvalitetsprodukt å tilby lokalt.
Honning	Låg	Fleire driv i det små	Stort potensiale
Lokal foredling	Aukande	Foredling av fisk og vatn + kjerneved, laft/tradisjonsbygg basert på lokale råstoff.	Ynskjer å utvikle foredlingskapasitet på mat (mjølk og kjøt).



## **visjon**


GJENNOM NYTENKING OG HANDLEKRAFT  
SKAL FYRESDAL UTVIKLE EIT ROBUST OG  
VARIERT LANDBRUK BASERT PÅ  
NATURGJEVNE RESSURSAR.



## **overordna mål**

- \* OPPRETTHALDE ELLER AUKE PRODUKSJONEN OG VERDISKAPINGA I LANDBRUKET
- \* IVARETA OG STYRKE KVALITETANE I KULTURLANDSKAP, NATUR OG GRENDER
- \* UTVIKLE NYE/ ALTERNATIVE LANDBRUKSTILKNYTTE NÆRINGAR

# **1. OPPRETTHALDE ELLER AUKE PRODUKSJONEN OG VERDISKAPINGA I LANDBRUKET**




## **DELMÅL:**

### **1.1 AUKE LØNSEMDA I LANDBRUKET GJENNOM SATSING PÅ KVALITETSPRODUKSJON OG LOKAL FOREDLING**

#### **STRATEGI:**

- STIMULERE TIL MARKNADSRETTA PRIMÆRPRODUKSJON I JORD OG SKOG MED TANKE PÅ LOKAL FOREDLING
- BIDRA I ETABLERING AV NYE LOKALE FOREDLINGSVERKSEMDER I KOMMUNEN
- STYRKE EKSISTERANDE VERKSEMDER I KOMMUNEN SOM I STØRRE GRAD KAN NYTTE LOKALT RÅSTOFF
- LEGGJE TIL RETTE FOR FELLES MARKNADSFØRING OG BETRE SALSKANALAR
- STØTTE OMLEGGING TIL ØKOLOGISK DRIFT DER DETTE VIL KUNNE GJE BETRE LØNSEMD



### **1.2 PRIORITERE VOLUMPRODUKSJON I DEI DELANE AV KOMMUNEN DER DEI NATURGEVNE TILHØVA LIGG TIL RETTE FOR DET**

#### **STRATEGI:**

- PRIORITERE TILSKOT TIL NYDÝRKING I OMRÅDE MED AKTIV DRIFT OG UTVIDINGSPOTENSIALE
- TA VARE PÅ STORE SAMANHENGANDE OG PRODUKTIVE LANDBRUKSAREAL

### **1.3 HALDE OPPE EIT HUSDYRTAL I KOMMUNEN SOM GJEV GRUNNLAG FOR FULL DRIFT PÅ EKSISTERANDE JORDBRUKSAREAL**

#### **STRATEGI:**

- STØTTE OPP OM SAMARBEIDSPROSJEKT SOM BIDREG TIL Å STYRKE EKSISTERANDE BRUK OG GJE BETRE ARBEIDSFORHOLD I NÆRINGA
- STØTTE OPPKJØP AV MJØLKEKVOTER
- LEGGJE TIL RETTE FOR EIN OPTIMAL BRUK AV BEITERESSURSANE (BEITEBRUKSPLAN)
- VURDERE OPPRETTING AV "JORD- OG BEITEBANK"
- STIMULERE TIL SATSING PÅ HUSDYRHOLD VED GARDSOVERTAKING

#### **1.4 STIMULERE TIL INVESTERING I FRAMTIDIG SKOGPRODUKSJON MED VEKT PÅ KVALITET OG VOLUM**

STRATEGI:

- AKTIV INFORMASJON OG BRUK AV SKOGAVGIFT SOM VERKEMIDDEL
- BRUK AV LANDBRUKSRETTA FAGMIDLAR TIL SKOGKULTUR, AKSJONSRETTA ÅR FOR ÅR
- GOD DIALOG/ SAMARBEID MED SKOGEIGARLAG OG SKOGSLEIREN I FYRESDAL

#### **1.5 OPPRETTHALDE OG UTBETRE EIT EFFEKTIVT VEGNETT I KOMMUNEN FOR UTDRIFT OG TØMMERTRANSPORT**


STRATEGI:

- PRIORITERE TILSKOT TIL OPPRUSTING AV EKSISTERANDE BIL- OG TRAKTORVEGAR
- STIMULERE TIL SAMARBEIDSTILTAK INNAN VEGVEDLIKEHALD

#### **1.6 AUKE AVVIRKINGA I SKOGBRUKET OPP MOT POTENSIALET FOR ØKONOMISK, DRIVEVERDIG KVANTUM**

STRATEGI:

- RÅDGJEVING/ SAMARBEID MED NÆRINGA





## 2. TA VARE PÅ NATURRESSURSANE OG KVALITETANE I KULTURLANDSKAP OG GRENDER

### DELMÅL:

#### 2.1 HALDE KULTURLANDSKAPET OG JORDBRUKSAREALA I HEVD

##### STRATEGI:

- PRIORITERE ØKONOMISKE VERKEMIDDEL TIL OMRÅDE SOM ER PEIKA UT SOM VIKTIGE KULTURLANDSKAP
- OPPMODE NÆRINGSORGANISASJONAR, GRENDELAG O.L. OM RYDDING LANGS VEGAR, ELVAR O.L.
- STIMULERE TIL SAMARBEIDSOPPROSJEKT KNYTT TIL INTENSIV BEITING I VIKTIGE KULTURLANDSKAP
- STØTTE KULTURLANDSKAPSTILTAK LANGS HOVUDFERDSELSÅRER DER DETTE KLART VIL AUKE OPPLEVINGS-/ LANDKSAPSKVALITETEN
- STØTTE KULTURLANDSKAPSTILTAK SOM ER KNYTT TIL UTVIKLING AV NÆRING, T.D. I SAMBAND MED GARDS-/ STØYLSTURISME
- FYLGJE OPP DRIVEPLIKT/ VANHEVD GJENNOM BRUK AV JURIDISKE/ ØKONOMISKE VERKEMIDDEL
- FOKUSERE PÅ KULTURLANDSKAPET SOM RESSURS FOR ANDRE NÆRINGAR
- NYTTE KUNNSKAP SOM LIGG FØRE I RAPPORTAR OM KULTURLANDSKAP OG BIOLOGISK MANGFALD I FORVALTNING AV VIKTIGE OMRÅDE

## **2.2 OPPRETTHALDE OG VIDAREUTVIKLE LEVEDYKTIGE LOKALSAMFUNN I GRENDENE**

STRATEGI:

- AKTIV BRUK AV JURIDISKE VERKEMIDDEL FOR Å GJERE GARDSBRUK TIL EIN RESSURS FOR BUSETJING.
- GJE HØVE TIL SPREIDD BUSETJING DER TILHØVA LIGG TIL RETTE FOR DET

## **2.3 AUKA TILGJENGE OG FOKUS PÅ NATUROPPLEVINGAR OG FRILUFTSLIV**

STRATEGI:

- HALDE FRAM MED EIT GODT SAMARBEID MOT LAG OG ORGANISASJONAR OG STIMULERE TIL TILRETTELEGGING AV LØYPER O.L.
- TA VARE PÅ SAMANHENGANDE/ VERDFULLE NATUROMRÅDE
- LEGGJE TIL RETTE FOR NATUROPPLEVINGAR OG FRILUFTSLIV SOM EIT GODE FOR INNBYGGJARANE
- KVALITETAR I NATUR OG LANDSKAP LANGS HOVUDFERDSELÅRENE SKAL IVARETAKAST

## **2.4 SIKRE GRUNNLAGET FOR VIDARE UTVIKLING AV UTMARKSNÄRINGAR GJENNOM EI BEREKRAFTIG VILT- OG FISKEFORVALTNING**

STRATEGI:

- TA VARE PÅ SAMANHENGANDE/ VERDFULLE UTMARKSOMRÅDE OG VILTBiotopar/ Biologisk mangfald
- STIMULERE TIL SAMARBEIDSTILTAK/ ORGANISERING AV GRUNNEIGARLAG/ UTMARKSLAG
- STIMULERE TIL UTARBEIDING AV UTMARKSPPLAN OG AKTIV BRUK AV KUNNSKAP OM NATUREN, T.D. RAPPORT OM BILOGISK MANGFALD
- OPPRETTHALDE EIT VELFUNGERANDE STORVALDSYSTEM OG ARBEIDE MOT VILTREGIONAR PÅ TVERS AV KOMMUNEGRENSEN

## **2.5 FÅ MOTORFERDSEL I UTMARK INN I KONTROLLERTE FORMER**

STRATEGI:

- LEGGJE TIL RETTE SNØSKUTERLØYPER, DERSOM LOVVERKET OPNAR FOR DET
- FØREBYGGING/ HALDNINGSARBEID KNYTT TIL MOTORFERDSEL I UTMARK
- STRENG HALDNING TIL KØYRING PÅ BARMARK


### **3. UTVIKLE NYE/ ALTERNATIVE LANDBRUKSTILKNYTTE NÄRINGAR**

#### **DELMÅL:**

##### **3.1 VIDAREUTVIKLE POTENSIALET FOR AUKA NÄRINGSAKTIVITET KNYTT TIL LOKAL FOREDLING OG SMÅSKALA TURISME**

#### **STRATEGI:**

- GJENNOMFØRE BESST-PROSJEKTET
- MOTIVERE EKSISTERANDE AKTØRAR TIL UTVIKLING  
GJENNOM KRAV TIL SAMARBEID, AUKA PROFESJONALITET  
OG KVALITETSTENKING JFR. BESST-PROSJEKTET
- UTVIKLE NYE VERKESEMDER INNAN FOREDLING OG  
TURISME SOM UTFYLLES/ STYRKER EKSISTERANDE



##### **3.2 AUKE SAL OG MARKNADSFÖRING AV AKTIVITETAR KNYTT TIL JAKT, FISKE OG OPPLEVINGAR/ SMÅSKALA TURISME**

#### **STRATEGI:**

- PRIORITERE SAMARBEIDSOPPROJEKT KNYTT TIL NÄRINGSMESSIG  
UTNYTTING AV JAKT OG FISKE
- STØTTE LOKALE AKTØRAR MED UTVIKLINGSLYST OG EVNER I KONTAKT  
MED REGIONALE OG NASJONALE VERKEMIDDELINSTANSAR.
- STIMULERE TIL HEILSKAPSTENKING VED UTVIKLING AV  
TURISTPRODUKT.
- BESST-PROSJEKTET: INVOLVERE NYE, MOTIVERTE AKTØRAR, UNDER  
FØRESETNAD AV SAMARBEID OG ENGASJEMENT

### **3.3 STIMULERE TIL UTVIKLING AV NYE SPESIALPRODUKT**

STRATEGI:

- BIDRA AKTIVT TIL ETABLERING AV NYE FOREDLINGSVERKSEMDER SOM NYTTAR LOKALT RÅSTOFF
- ETABLERE SAMARBEIDSKANALAR KNYTT TIL SAL OG MARKNADSFØRING AV GARDSPRODUKT: "BONDENS MARKNAD" - MERKEVAREBYGGING FYRESDAL
- STØTTE TILTAK KNYTT TIL FOREDLING AV VILT OG ANDRE SPESIALPRODUKT, T.D. ØKOLOGISK MATPRODUKSJON
- MARKNADSFØRE FYRESDAL SOM EI "HØGKVALITETSBYGD" I HØVE TIL MAT, TREPRODUKT OG SMÅSKALA TURISTPRODUKT

### **3.4 UTVIKLE NÆRING KNYTT TIL EKSISTERANDE OG FRAMTIDIGE HYTTER**

STRATEGI:

- STIMULERE TIL HYTTESERVICE; VEDSAL, OPPKØYRING AV LØYPER, BRØYTING, MÅKING AV TAK OSV.
- NY HYTTEBYGGING SKAL VERE KNYTT TIL UTVIKLING AV NÆRING

## **oppfølging og bruk av planen**

Landbruksplanen skal inngå som ein del av den samla kommuneplanen for Fyresdal og planen skal rullerast i starten av kvar ny valperiode. Føremona med dette er at ein kan få til ein kontinuerleg plan, der nye politikarar vert ansvarleggjort og orienterte om det planverket dei skal styre etter.

Landbruksplanen er ein strategisk plan som legg overordna rammer for landbruksnæringa og bruken av naturressursane for komande år. Ei naturleg oppfølging av planen vil vere eit årleg handlingsprogram for landbrukssektoren. I programmet vil ein kunne gå meir i detalj i høve til dei målsetjingane og strategiane som er nedfelt i overordna plan og gje nærmare føringar for t.d. bruk av statlege og kommunale verkemiddel, samt viltfondsmidlar. Tiltaksstrategien knytt til dei tilskotsordningane som er overført frå Fylkesmannen er ein naturleg del av dette. Handlingsprogrammet vil kunne justerast årleg ut frå endra rammer og status innan næringa og ein vil få eit fleksibelt, oppdatert plansystem som kan nyttast aktivt i forvaltnings- og næringsarbeidet. Hovudutval for landbruk og teknikk har ansvaret for utarbeiding og vedtak av handlingsprogrammet. Endeleg vedtak skal ligge føre på nyåret kvart år.

For å nå målsetjingane i planen er det viktig at kommunen spelar på lag med næringa. Ein god dialog mellom kommunen og næringsorganisasjonane vil i denne samanheng vere viktig, t.d i samband med utarbeiding av det årlege handlingsprogrammet.

For å nå målsetjingane i planen vil det vere avgjerande å halde på landbrukskompetansen i kommunen. Kapasiteten til kommunen vil likevel vere avgrensa når det gjeld å fylge opp kvar enkelt aktør og prosjekt i høve til målsetjingane i planen. Like viktig er difor kommunen si rolle som formidlar mot eksterne fagmiljø som kan bistå i rettleiing og planlegging. Dette kan vere kompetansesenter som forsøksringen, Norges Vel, Faun Naturforvaltning o.l.

I siste del av planen har ein delt kommunen inn geografisk i delområde som utgangspunkt for ei såkalla **SWOT-analyse**. Analysa ser på m.a. kvalitetar og svakheiter i områda og er meint som ein reidskap og eit grunnlag for prinsipp knytt til framtidig forvaltning.

